

Sogn PPT

2018

Innhold

1.0 Innleiing.....	2
1.1 Sogn PPT	2
1.2 Lov, målgrupper og funksjon.....	3
1.3 Styreordning	4
1.4 Stillingheimlar og personale	5
1.5 Etterutdanning, seminar og kurs	6
1.6 Rutinar ved tilmelding til PPT	7
1.7 Samarbeid	9
1.7.1 Tverrfagleg samarbeid	9
1.7.2 Internt arbeid	10
1.7.3 Samarbeid med høgskulen	10
2.0 Statestikk.....	11
3.0 Logopedi avdeling	14
4.0 Sluttvurdering	14
5.0 Vedlegg	16

1.0 Innleiing

I Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, opplæringslova § 5-6 første ledd står det: «*Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.*»

PP-tenesta skal vere tilgjengeleg for sine målgrupper og medverkar til heilskap og samanheng i tiltak for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Å være tilgjengeleg inneber å bidra med kompetanse, rettleiing, råd og hjelp. PP-tenesta gir òg informasjon til målgruppene, slik at dei veit korleis dei kan få hjelp, og når dei kan vente å få hjelp. Dei får vite kva for moglegeite dei har til å påverke og gi tilbakemelding om kvaliteten på tilbodet som dei får.

1.1 Sogn PPT

Denne årsmeldinga gjev eit oversyn over aktivitet og oppgåver Sogn PPT har arbeida med i 2018. Sogn PPT yter PP- tenester i tillegg til logopedteneste.

Kommunane Aurland, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik samarbeida om pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn, etter dette kalla Sogn PPT. Kontoret vart oppretta 1.1.2016, Aurland kom med frå 1.8.2016. Samarbeidet er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28 b i kommunelova. Med Sogndal kommune som verskommune. Vertskommunen sel pedagogisk – psykologisk teneste til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I august 2017 gjekk kommunane Sogndal, Vik, Leikanger og Luster inn eit samarbeid om logopedi.

Samarbeidet er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28 b i kommunelova, med Sogndal kommune som vertskommune. Logopediaavdelinga er lagt under Sogn PPT og blir administrert av leiar for Sogn PPT. Det er tilsett i 1,5% stilling og leiar for Sogn PPT har leiaransvar for avdelinga. Logopedane har kontorlokale saman med rådgjevarane i PP tenesta. Informasjon om avdelinga kjem i slutten av årsmeldinga.

Sogn PPT har kontorlokale på Fosshaugane Campus, i same bygg som Sogndal vidaregåande skule. Postadresse er Lunnamyri 2.

Kontoret har 9,20 faste fagstillingar og 1,40 stillingar for leiar og merkantilt personale.

I tillegg til å yte tenester til dei 5 kommunane, yter kontoret tenester til dei vidaregåande skulane i Sogndal, Balestrand og Aurland. Vi yter òg tenester til lærlingar og lærekandidatar i Sogn.

1.2 Lov, målgrupper og funksjon

PP-tenesta er regulert i Opplæringslova kapittel 5, § 5-6 og Barnehagelova § 19 c.

PP-tenesta har både system- og individretta arbeidsoppgåver. Oppgåvene må sjåast i samanheng. Både dei system- og individretta oppgåvene skal ivaretakast før tenesta utfører andre oppgåver som for eksempel å hjelpe i skolemiljøsaker.

Oppgåvene for barn under opplæringspliktig alder er heimla i barnehagelova § 19 c

- PP-tenesta skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar der regelverket krev det.
- PP-tenesta skal hjelpe barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggje til rette barnehagetilbodet for barn med særlege behov

Oppgåvene i skole og opplæring er heimla i opplæringslova § 5-6

- PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov.
- PP-tenesta skal syte for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering i dei tilfella der regelverket krev det.

Oppgåvene til PP-tenesta knytte til sakkunnig vurdering gjeld for barn under opplæringspliktig alder, elevar, lærlingar, lærekandidatar og vaksne. Og til elevar i den vidaregåande opplæringa og til ungdom som ikkje har teke ut skuleretten sin.

Dette kan vere:

- Førebyggjande tiltak i barnehage og skule
- Lage gode overgangar til ny skule eller arbeidsplass
- Deltaking på foreldremøte, personalmøte og kurs
- Samarbeid med andre etatar for å gi eit heilskapleg tilbod
- Gir systemretta støtte i form av råd og rettleiing til barnehagar og skular om pedagogisk leiing av gruppe- og læringsmiljø.
- Vi gjev skular og barnehagar råd og rettleiing om tilrettelegging for barn og elevar som har behov for det

Kontoret er òg sakkunnig instans for skuleverket i høve vaksne som treng spesialundervisning eller opptrening etter Lov om vaksenopplæring.

PPT-kontoret er eit 1.-linjetilbod der både omfattande og mindre omfattande saker kan drøftast og arbeidast med. PPT har faste kontaktpersonar på kvar barnehage og skule som kan observere og delta i drøftingar anonymt. For at kontoret skal kunne arbeide med ei enkelt sak må vi ha samtykke frå dei føresette om barnet er under 15 år, og ungdomen sjølv når dei er over 15 år. Kontoret har eit tverrretatleg samarbeid med andre kommunale og offentlege instansar som har oppgåver andsynes barn og unge, t.d. barnevern og helsetasjon.

Kontoret samarbeider og med Barne- og ungdomspsykiatrien og Vaksenpsykiatrien, der ungdomen gjev samtykke til eit samarbeid.

1.3 Styreordning

Vertskommunen organisera sjølv PP- tenesta ut frå dei oppgåvene den etter avtalen og lova skal løyse. Det er dei alminnelege delegeringsreglane i vertskommunen som gjeld for delegering til leiari for PPT.

Det administrative og faglege ansvaret ligg til leiaren av kontoret.

Det er etablert eit administrativt fagleg samarbeidsorgan samansett av to representantar frå kvar kommune; rådmann og kommunalsjef/ skulefagleg kompetanse. Organet er rådgjevande og skal ha minst to møter i året. PPT-kontoret har sekretæransvar.

Sogn PPT blir evaluert ein gong kvart år gjennom drøftingar i det etablerte samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet skal ha medverknad i drift av PPT- tenesta. Føremålet med samarbeidsorganet er å drøfta og gje innspel til handlingsplan/ årsplan og årsmelding, tilrå årsbudsjett innanfor budsjetttramme, drøfte PPT si rolle i grunnopplæringa, vurdera fagsamansettinga for PPT kontoret og ev. endring av tenesta.

Stikkord er i kvalitet høve:

- Felles prosessforståing før tilvising
- PPT som bidragsytar til å etablere gode rutinar og krav til det kommunale ansvaret (organisasjonsrådgjeving)
- Auka merksemd mot tideleg innsats og overgangar
- PPT si vurdering av avvik eller endring av tilbod til einskildselevar.

Medlemmer i administrativt fagråd

Kommune Sogn og Fjordane fylkeskommune	Medlemmar
Aurland kommune	Steinar Søgaard
Luster kommune	Jarle Skartun Knut Åge Teigen
Leikanger kommune	Odd Arve Rakstad Jorunn Nytingnes
Vik kommune	Oddbjørn Ese Bjarnhild Samland
Sogndal kommune	Jostein Aanestad Ole Gunnar Krakhellen
Sogn og Fjordane, representert ved rektor Sogndal vidaregåande	Ole Jørgen Øygarden
Leiar: Jostein Aanestad Sekretær: Karin Uglum	

Administrativt fagleg samarbeidsorgan hadde møte 27. februar 2018 og 21. august 2018.

1.4 Stillingheimlar og personale

Sogn PPT har frå 1. august 9,20 fagstillingar

Leikanger:	0,88 %	stillingsheimlar
Sogndal:	2,61 %	stillingsheimlar
Fylkeskommunen:	2,50 %	stillingsheimlar
Vik:	0,83 %	stillingsheimlar
Aurland	0,51 %	stillingsheimlar
Luster	1,87 %	stillingsheimlar

Merkantil 0,80% stillingar. Leiar 0,60% stilling.

Lønsmidlar ledig stilling har vore nytta til å kjøpe psykologteneste til elevar i vidaregåande opplæring.

PPT har bemanna i dei stillingsprosentane som kommunane betalar i tenesta, stillingane er fordelt mellom dei tilsette, ein freista vere minst 2 tilsette i kvar kommune. Det blir sett opp faste dagar i kvar kommune, det blir informert ut i august og desember.

1.5 Etterutdanning, seminar og kurs

ETTERUTDANNING:	Stad og tid
Etterutdanning sakkunnige vurderingar og forvalting v/ NTNU	5 X 2 dagar samlingar med mappeinnlevering og eksamen
Master i Logopedi	Oslo 2018
Arkivutdanning	Nettopplæring
SEMINAR/ KURS	
Engstelige barn v/ K. Flaten	
Nettverks Karlstad modell	
Nettverk Ask	
Downs + Prosjekt	
Mobbing v/ Tove Flack	
Samling for rådgjevarar	
Læringsmiljø prosjekt Leikanger	
Regionsamling PPT	
Nettveks samlingar skule og barnehage	
Psykisk helse	
«Det virker» spesped- vidaregåande	
Fagdag frå spesialundervisning til tilpassa opplæring	
SPOT konferanse «Digitalt læringsverktøy»	
Regelverksamling	
Afasinettverk for logoped	
Let sip, informasjon om produkt.	
Skulevegringskonferansen	
Ekskursjon med Sogndal vidaregåande TV –Bra i Bergen	
SEVU nettbasert læringsressurs for PP teneste	

1.6 Rutinar ved tilvising til PPT

Rutinar i samhandling med skular/barnehagar.

Enkeltsaker vert meldt til PPT-kontoret skriftleg, tilvising med pedagogisk rapport. På tilvisingsskjema står det «grunn til tilvising», og sakene vert fordelt på sakshandsamarane/kontaktpersonane i den enkelte kommune/skule/barnehage.

Tidleg innsats har vore prioritert gjennom kort ventetid, tidleg utgreiing og igangsetting av tiltak.

PPT gjennomfører kartlegging og testar born, og vi gjev rettleiing til føresette og dei som arbeider direkte med spesialpedagogiske tiltak i barnehage og skule.

Kartlegging og dokumentasjon er viktig for å avdekke funksjonssvikt og sette i gang avhjelpende tiltak. For å kunne vurdere effekt av tiltaka som er sette i verk og for å kunne gje generell rettleiing, observerer vi i barnegruppene/klassane. Dette kan og vere ein del av vidare utgreiing av enkeltborn.

Samarbeid med barnehage:

Vi skal bidra til at barnehagane gjennom tilrettelegging i den ordiner drift kan ta hand om dei utfordringar barn har.

Om PPT får ei melding frå ein barnehage om eit barn, og det ikkje ligg ved relevante opplysingar om kartlegging og tiltak som har vore prøvd ut, så kan PPT be barnehagen om å gjennomføre meir kartlegging i samband med sakkunnig utgreiing.

PPT rådgjevar er inne å observere grupper og gjer seg kjend med borna. Gjennom dette arbeidet kan PP- tenesta gje barnehagen støtte i form av råd og rettleiing til barnehagar om pedagogisk leiing av gruppe- og læringsmiljø, og ein kan hjelpe med kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Vi jobbar for å få på plass gode rutinar for oppfølging og avslutting av enkeltsaker, og gode overgangar mellom barnehage og skule.

Samarbeid med grunnskulane:

Vi skal bidra til at skulen i større grad kan handtere elevgruppa i den tilpassa undervisninga, som til dømes lese- og skrivevanskar utan å tilmelde enkeltelevar til PPT.

Vi freistar saman med skulen få ned tal på enkeltsaker meld til PPT, ved å hjelpe skulane til å utvikle kartleggingskompetanse og tiltak sjølv.

Sogn PPT samarbeide med den enkelte skule om å utvikle årshjul for kartlegging og oppfølging av tiltak på alle årstrinn.

Om PPT får ei melding frå ein skule om ein elev, og det ikkje ligg ved relevante opplysingar om kartlegging og tiltak som har vore prøvd, kan PPT be skulen om å gjennomføre meir kartlegging i samband med sakkunnig utgreiing.

Vi vil delta og observere i klassar og gjere oss kjend med eleven, med undervisningsformer og organisering av undervisninga.

Vi har fått på plass gode rutinar for oppfølging og avslutting av enkeltsaker.

Vidaregåande opplæring:

Ved overgang frå 10. klasse og innsøking til vidaregåande opplæring har sakshandsamar som skal fylge eleven i vidaregåande opplæring gjennomført overgangsmøte og skrive tilråding til VG1. Dette har vorte godt motteke både hjå føresette, grunnskule og vidaregåande. Elevar som har spesialundervisning i grunnskulen og som vert søkt inn med rettar til spesialundervisning frå Vik, Luster, Aurland, Leikanger og Sogndal kommunar er såleis kjende for PPT- vidaregåande sakshandsamarar når dei startar vidaregåande opplæring. Elevar som kjem frå andre kommunar har ein rutinar for overføring av opplysningar frå tidlegare PP-kontor ved start ny skule.

Samarbeid mot dei vidaregåande skulane har vore retta mot tilrettelegging rundt enkeltelevar og kartlegging.

Vi har samarbeid med opplæringskontora for dokumentasjon og testing til lærlingar og lærekandidatar .

Enkelte elevar har søkt om, og fått tilbod om samtale og eller testing med/av psykolog gjennom PPT.

Kontaktpersonane til den enkelte barnehage/skule deltek i ansvarsgrupper/tverrfaglege møte kring enkeltborn. Vi deltek og på foreldremøte og arbeider opp mot klassemiljø/ klasseleiing/ spe sped gruppa. Vi arbeider i lag med ressursteam, rektorar/ styrarar, og etablerte nettverk ute i kommunane.

1.7 Samarbeid

1.7.1 Tverrfagleg samarbeid

Det er etablert faste møte mellom barnevern, helsesøster og PPT alle kommunane.

På vidaregåande skule faste vekelege møtepunkt i tillegg har vi etablert møtte punkt ein gong i månaden i elevteam som er eit tverretatleg møtepunkt.

Vi deltek på foreldremøte i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.

PPT har samarbeid med statped, barnevern, helsesøster, miljøarbeidar, OT og BUP omkring enkeltsaker.

I Koordinerande eining barn/unge (KO) i Sogndal kommune er PPT representert, teamet har møte om lag kvar 6. veke.

I kommunane Sogndal, Luster er det etablert spesped. nettverk der tilsette som jobbar med spesialundervisning møtes, tilsette i PPT som er knytt til kommunen får anledning å møte på desse treffpunktta.

Sogn PPT er med i Læringsmiljøprosjektet.

Fagdagen i 2018 var eit samarbeid mellom Indre Sogn PPT, Sogn PPT og Statped.

Ynskje var at hjelpeinstansane til barnehagane og skulen skulle ha ein dag saman. Vi inviterte helsesjukepleiar, BUP, vidaregåande, barnevernet, psykolog i kommunane og lege. Vi hadde eit felles fagfokus, overskrifta på dagen var «når fråværet uroar oss». Dagen blei gjennomført med innlegg av alle deltakande etatar, med «kafédialog» som arbeidsverktøy etter lunsj.

Etter dagen var oppsummeringa frå hjelpeinstansane klar, vi kom ofte seint inn i saker der barn hadde stor fråvær, og kva som hadde vore sett i gang av tiltak var uklårt.

Denne oppsummeringa la vi fram for oppvekstsjefane i regionen. I møtet 3.november vart det vedteke at ein ville få på plass ein felles modell for heile regionen. Sogn PPT, Indre Sogn PPT og Statped Vest vil leia utviklingsprosjektet. Det var viktig å få med medlemar frå dei ulike kommunane; frå styrarar gruppa i barnehagen, rektorar gruppa, helsesjukepleiar og tilsette frå vidaregåande. Målet er å få på plass ein trappetrinnsmodell. Trappetrinnsmodellen skal vere ein felles modell som fortel; «kven skal gjere kva og til kva tid».

Utviklingsprosjektet blir lagt opp slik; 2 videokonferansar med mellomliggende arbeid. Det blir sendt ut relevant litteratur og forslag basert på arbeid som er gjort tidlegare i Norge på dette feltet. Utviklingsarbeidet vil bli ferdigstilt sommaren 2019.

Sogn PPT har også dette året jobbe med å få ut informasjon om mandatet til PP tenesta, - korleis vi kan jobbe for å etablere gode samarbeidsmodellar innanfor våre rammer. Dette er viktig, for å ta i våre både klientar og einingar i ein førtilvisingsprosess og tilvisingsprosess i system , - og individsaker. Vi har kontinuerleg fokus på å utvikle sakkunnige vurderingar slik at mottakar kan sjå nytten av våre vurderingar og tiltak som vi tilrår. Sakkunnige vurdering skal vere eit dokument som einingane kan bruke når dei skal utarbeide IOP `ar.

Kontinuerleg utvikling av innhaldet i malane til sakkunnig vurdering har også vore fokus dette året. Kunnskap som dei 5 tilsette som har teke vidareutdanninga innan sakkunnig vurdering og forvalting har vore god i dette arbeidet.

Etter avslutting av studiet i oktober har vi nytta tida til å implementere ny kunnskap til resten av dei tilsette ved kontoret.

1.7.2 Internt arbeid

Kontoret har fått eit overordna årshjul over arbeidsoppgåvers som skal gjennomførast på faste tider. Dette er formidla ut til alle einingane etter vedtak i fagorganet.

Vi har reiseruter for alle tilsette fordelt ut på alle Sogn PPT sine 58 einingar, denne tida skal nyttast til både klientarbeid og system arbeid.

Etter at prosjektet under System for styrka læring «- frå spesialundervisning til tilpassa undervisning» vart ferdigstilt så valte Sogn PPT å forsette etter denne modellen. I dag jobbar vi i kollegiet for å etablert dette som ei arbeidsform, samstundes som vi jobbar for å få denne arbeidsmåten inn i skule og barnehage.

Kontoret har etablerer månadlege uformelt informasjons skriv til kommunane, dette for at alle samarbeidspartnerane skal ha jamleg informasjon om kva som skjer på kontoret.

Kontoret har jobba med internkontroll.

Vi har gjennomført risikovurdering. Stillingsinstruks er på plass til alle stillingane ved kontoret. Arbeidsreglemant, avviksregistrering, organisasjonskart, og beredskapsplan for alvorlege hendingar er utarbeida. Det er laga rutinar for det ulike arbeidet i tenesta.

Det er gjennomført utviklingssamtalar med alle tilsette og vernerundearbeid.

Planarbeid for opp pussing og flytting til nye lokale har ein også fått gjennomført, alle tilsette er teke med inn i dette arbeidet.


1.7.3 Samarbeid med høgskulen

Sogn PPT og Høgskulen på Vestlandet har eit godt samarbeid, tilsette på kontoret blir kontakta av høgskulen når dei ønskjer å knyte praksisfeltet til undervisninga. Vi har delteke i undervisninga til studentar ved linjene barnevern, master i spesialpedagogikk, vernepleie, barnehagelærar, og vidareutdanningar. Sogn PPT kontaktar tilsette ved høgskulen for fagleg påfyll og vi får anledning til å delta på førelesingar. Psykisk helse har vore fokusområde dette året.


Skal ein få ei framtdsretta teneste så må det være eit tett samarbeid mellom praksisfeltet og undervisnings institusjonane. No er det ei spanande utvikling der ein skal dreie frå spesialundervisning til tilpassa undervisning. I dette ligg at det enkelte born på naturlege måtar skal få ei tilpassing som støtter der det er behov, utan at det skal være naudsynt å gjere det spesielt. Her må barnehage, skule, hjelpeapparatet og høgskulen arbeid saman for å få til endringar av haldningar og praksis.

Samarbeidet mellom praksisfeltet og utdannings institusjon var så vellykka at ein ønskjer å vidareutvikle dette.

2.0 Statestikk



Fordeling på PPT, logoped og psykolog



Logoped og psykolog pr. 31.12.2018



Systemsaker er ikkje noko god statestikkløysning på, Visma jobbar med å få på plass betre løysning. Sogn PPT vil legge fram statestikk når ein får opp tal.

Statestikkar som gjeld kvar einskild kommune er laga, kommunane tek kontakt når det er ønskje å gå gjennom sine einingar og tal.

3.0 Logopedi avdeling

1. august 2017 gjekk kommunane Sogndal, Vik , Leikanger og Luster inn et samarbeid for å få tilsett behandlande logoped i kommunane.

Sogn PPT har frå 1. august 1,50 fagstillingar

Leikanger: 21 % stillingsheimlar

Sogndal: 67% stillingsheimlar

Vik: 20 % stillingsheimlar

Luster: 42 % stillingsheimlar

Det blir sett opp faste dagar i kvar kommune, dette blir informert ut i august og desember.
Kommunane har brukte heile sin del av avsett ressurs.

Vi har sett faste dagar for når behandlande logoped er rundt i kommunane.

I Sogndal Luster har ein fått på plass lågterskeltilbod. Lågterskeltilbod er eit tilbod vi gjev til klientar som ikkje har vedtak men kan ha eit behov for å ha ein samtale med logoped for å få på plass enkle utfordringar (eigenøvingar). Logoped gjev inntil 5 konsultasjonar igjennom eit år, føresette er med i behandlingstimane. Behandlinga skjer på behandlingsrom som vi har fått stilt til disposisjon i kommunane.

Dersom logoped opplever at klient har større utfordringar, så vil klient bli tilmeldt PP tenesta og rutinar for sakkunnig vurdering og vedtak blir då følgt.

Leiar ved einingane der vi behandler har stilt rom til disposisjon.

I dag behandler dei to logopedane på:

6 einingar i Luster

2 einingar i Leikanger

3 einingar i Vik

6 einingar i Sogndal.

Vi jobbar med å få på plass gode rutinar for førebuingssarbeid/ etterarbeid etter behandling, behandling og rutinar for journalføring.

Vi ser at vi må sette av samarbeidstid mellom logopedane, og logoped og rådgjevar ved PPT.

Logoped avdelinga har dette året hatt oppdrag i Luster kommune, der dei har informert om sitt arbeid og kva som kan gjerast av arbeid ute i einingane når det er språklydsvanskar.

Det har vore gjennomført eit informasjonsmøte med produsent av Letsip til eventuelle brukarar og etatar som kan ha nytte av å ha kjennskap til produktet.

4.0 Sluttvurdering

Tidleg innsats der PP tenesta er tideleg inne og ein raskt får sett inn tiltak enten det er tilpassa i det ordinere eller i det tilpassa i det spesialpedagogiske feltet må vere eit mål.

Tidleg innsats betyr at ein på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv går inn å avdekke og set inn tiltak. Det betyr òg at PPT skal saman med kommunen, fylkeskommunen, barnehagen og skulen, bidreg til å setje inn tiltak ved å utarbeide sakkunnig vurdering innan rimeleg tid. Ein sett fokuset på elevnens realistiske mål, og sette inn tiltak etter det. Ein jobba med å «staka ut nye kursar» når ein elev eller ei gruppe støyter på utfordringar. Vi ser etter nye arbeidsmetodar og læringsmatereal/ undervisningsmateriell som kan fremme utvikling.

Sogn PPT skal vere ein del av kvalitet systemet i kommunane.

Vi må saman jobbe for eit auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring med redusert bruk av spesialundervisning. Vi må saman med barnehage og skule ha fokus på god klasse/ gruppeleiing og læringsmiljø.

Sogn PPT skal dreie arbeidet til meir systemretta arbeid, betre organisering og meir systematiske måtar å arbeide på, t.d. utarbeidd rutinar, system, møteplan og møtepunktinnhold. Vi ønskjer å vera til stades i overgang, sikrar kontinuitet i tiltak og direkte rettleiing til lærar. Vi må jobbe for å få felles refleksjonar og forståing for fagfeltet.

Ei anna oppgåve er «å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med spesielle behov.»

Sogn PPT vil også framover ha fokus på heve fagleg kompetanse til tilsette ved kontoret. Vi må nytte ny erverva fagkunnskap/ teori og forsking i vårt arbeid, for å yte gode tenester til samarbeidspartnarane våre. Vi må fremme gode samarbeidsformer på tvers av etatar og faggrupper til det beste for barnet.

Det er stabil bemanning med kjennskap til barnehagar og skular og eksterne samarbeidspartar. Vi erfarer at det kjem nye utfordringar der ein treng å supplere både fag- og realkompetanse.

Det er framleis viktig:


- å prioritere arbeidsoppgåver innanfor vedtekne stillingsheimlar
- avklare forventningar omkring PPT sine arbeidsoppgåver
- lage gode samarbeidsarenaer.

Som leiar vil eg på vegne av heile kontoret takke alle gode samarbeidspartnarar med godt samarbeid.


5.0 Vedlegg

Skular og barnehagar i tenestedistriket

	Leikanger kommune	Sogndal kommune	Aurland	Luster	Vik kommune	Sogn og Fj. Fylkeskommune
B a r n e h a g e	<ul style="list-style-type: none"> • Henjahaugane bhg. • Askedalen bhg. • Nybø bhg. 	<ul style="list-style-type: none"> • Fjærland bhg. • Furuli bhg. • Kjørnes bhg. • Kyrkjebakken bhg. • Notsete bhg. • Rones bhg. • Sogndal student bhg. • Stedje bhg. • Ylvisåker bhg. 	<ul style="list-style-type: none"> • Flåm bhg. • Vangen bhg. • Spiren bhg. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gamlestova bhg. • Gaupne bhg. • Indre Hafslo oppvs. • Jostedalen oppvs. • Skjolden oppvs. • Solvorn oppvs. • Veitastrand bhg. • Luster oppvs. barnehage 	<ul style="list-style-type: none"> • Vik bhg. med avd. Bødalen bhg. • Fresvik bhg. • Feios bhg. • Vangsnæs bhg. • Valsvik bhg. 	
G r u n n s k u l a r	<ul style="list-style-type: none"> • Leikanger barneskule • Leikanger ungdomsskule 	<ul style="list-style-type: none"> • Fjærland skule. • Kaupanger skule • Norane skule • Trudvang skule • Kvåle skule 	<ul style="list-style-type: none"> • Aurland barne og ungdomsskule • Flåm skule 	<ul style="list-style-type: none"> • Gaupne skule • Hafslo barne og ungdomsskule • Indre Hafslo oppv. • Jostedalen oppvs. • Luster oppvs. • Luster ungdomsskule • Skjolden oppvs. • Solvorn oppvs. • Veitastrand skule 	<ul style="list-style-type: none"> • Flatbygdi skule • Feios skule • Fresvik skule • Valsvik skule • Vangsnæs skule 	
V i d a r e g å a n d e						<ul style="list-style-type: none"> • Sogndal vg. skule • Sogn Jord- og Hagebruks skule • Sygna vg. skule



SOGN DAL KOMMUNE Årshjul for enhet Sogn PPT



Overgangar : Hugse på at ein skal prøve ut i ny institusjon

- Barnehage – skule
- Småtrinn – mellomtrinn – ungdomsskule
- Ungdomsskule - Vidaregåande

Allereie etablerte: møtepunkt må nyttast ved eventuelle nye prosjekt

Tilmeldingar mottek me heile året.

Haust semestert har kontoret best kapasitet for kartlegging og tilbakemeldingar.

Førtimeldinga skal ein ha vert i kontakt med PPT, der ein diskuterer anonyme saker jf. Udir førtimeldingsfasen.